

Resolusjon

Vedtatt av Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

26.04.23.

Ta studiebarometeret tilbake til klassene

Studiebarometeret gjennomførast årleg med 2. og 5. års studentar. Dette er ein viktig undersøking som gir studentar og tilsette i universitets- og høgskulesektoren høve til å analysere forbetringar og nedgang i eige studieløp, og i studieprogram i si heilheit.

Spørjeundersøkinga blir kvar haust sendt ut til 70 000 studentar nasjonalt. Målet med Studiebarometeret er å styrke arbeidet med kvalitetsutvikling i høgare utdanning og gi nyttig informasjon om studiekvalitet. På Studiebarometeret.no kan du enkelt samanlikne liknande studiar frå høgskular og universitet i heile landet.

Studiebarometeret er ei frivillig, men sterkt tilrådd, undersøking for studentar å ta. I kampen om studentars merksemd, kan undersøkinga likevel lett gå under radaren, og studentar kan lett gløyme å svare. Difor er det viktig at alle ledd ved Høgskulen bidreg i å auke deltakinga og ta resultatata på alvor.

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda meiner at:

- Studentane skal få høve til å gjennomføre undersøkinga i ei forelesing, der tilsette legg til rette for at alle på kullet svarar
- Resultata frå studiebarometeret skal alltid gåast igjennom i kvalitetsutvala på dei ulike studieprogramma
- Tilsette er pliktige til å vise ei samanlikning av resultat frå liknande studielinjer ved andre studiestadar enn HVO, og ikkje berre utviklinga på studiet ved HVO isolert sett
- Studentparlamentet skal kvart år få ein gjennomgang av resultatata på næraste parlamentsmøte, der gjest frå høgskuleleiinga gjer greie for statistikken
- Der det manglar resultat frå ei linje eller studieprogram grunna låg deltaking, skal dette adresserast og arbeidast aktivt med for å unngå at dette gjentek seg neste år
- Høgskulen i Volda skal dele resultatata frå Studiebarometeret med AU i Studentparlamentet snarast råd kvart år